



Johan Storm Munch og Kristian Bringedal ved Kinck-støtta

**Kultursjef i Kvinnherad, uskedelingen Kristian Bringedal, hadda eit spesielt oppdrag i ein nabokommune i dag. Han opna dei årlege Kinckdagane i Strandebarm som no blir arrangert for gong nummer 23 av eldsjel og kulturprisvinnar i Kvam, Johan Storm Munch og kona Brit. Bringedal hylla den tidlegare rektor ved fleire vidaregåande skuler i Gudbrandsdalen som sjeldan og særeigen..**



kvemmingane hadde anstendig skyss for gjesten frå Kvinnherad - det var spent ein dølahest framfor vogna. Taumane hadde Trond A. Sandven

Trass i at Storm Munch har passert 78 står han framleis på for fullt med vidare utbyggjing og utvikling av Kinck-eigedommen på Tangerås som han eig. Han har også hatt energi til å bistå Bringedal under arrangement i Kvinnherad, der han har slektsrøter.

- Du viser mot og kraft til å stå på og har skapt ein arena for ein sak, sa Bringedal som opna 'Dagane' ved bronsebysta av diktaren, som levde frå 1865 til 1926.

Storm Munch kjøpte ut andre eigarar av Tangerås i 1986 og samanlikna staden med ei sylvskje som ein kunne ta fram og pussa. Det har han i høg grad gjort.

Kulturarrangementa over ein vid sektor på staden utnyttar den unike historiske bakgrunnen og miljøet som har overlevd i meir enn 100 år.

Også i år er det eit allsidig tilbod, som spenn frå baking av brød slik dei gjorde det på 1800-talet til kunstutstilling i grindverksløa. Den siste har vorte eit kunstgalleri som truleg saknar sidestykkje og som også i år har gjenstandar som spenn frå glas via tresnitt til måleri. Lillehammer-kunstnarane er godt representerte også i år.

Grindverksløa er berrre eit av fleire hus som Tangerås-eigaren har reist med egne hender. Han legg for dagen ein makelaus allsidigheit både som historikar og handverkar.

Han utviklar også Kinck-verka vidare. Eit døme på det er Driftekaren omsett på hordamål.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen